



ARKITEKTKONTORET ANDERS OG OLAV VIKØREN AS
6891 VIK I SOGN TLF 576 95 765 FAX 576 95 880 REG NO 978 667 481 MVA

Føresegner til reguleringsplan

For:

Bjørkviki - Hanekambneset VIK KOMMUNE

DETALJPLAN Plan ID: 1417 2015005

Vik i Sogn, 20.januar 2016

Dato for siste revisjon av planen: _____

Dato for kommunestyrevedtak: _____

Desse reguleringsføresegnene gjeld for det området som er synt på plankartet med reguleringsgrense.

Føremålet med reguleringsplanen og tilhørende reguleringsføresegner er:

1. Å leggja til rette for 3 nye fritidsbustader og ombygging av eksisterande bustadhus til fritidsføresmål.
2. Å i vareta natur- og landskapsverdiar i planområdet..

§ 1

GENERELT

1.

Det regulererte området er synt på planen med reguleringsgrense.

Areal: ca 12 daa

2.

Arealformål.

Planområdet er regulert til fylgjande føremål etter plan- og bygningslova §12-5, pkt.5

LNF-F1 Spreidd fritidsbusetnad

(SOSI-kode 5220)

LNF: Friluftsførmål

(SOSI-kode 5130)



ARKITEKTKONTORET ANDERS OG OLAV VIKØREN AS
6891 VIK I SOGN TLF 576 95 765 FAX 576 95 880 REG NO 978 667 481 MVA

§ 2

Fellesføresegner

1. Byggjegrænse er synt på plankart og utnyttingsgrad oppgjeve i føresegner.
2. I samband med byggjemelding skal det vedleggjast situasjonsplan i målestokk 1:500 som syner korleis tomta skal utnyttast.
3. Kartunøyaktighet i høve til plankartet er sett til +/- 1 meter.
4. Terrennginngrep og vegetasjonsrydding i samband med bygningar og vegtilkomst skal avgrensast til det som er naudsynt.
5. Eksisterande bygningar innan planområdet er merkja på plankartet med nummer (1 og 2).

§ 3.

Område LNFR-F. Spreidd fritidsbusetnad i LNF-område

1. I området kan det delast frå inntil 3 hyttetomter med største areal opp til 1,0 daa /tomt. I tillegg er det høve til å byggja om og dela frå eksisterande bustadhus merka bygning nr 2 på plankartet.
2. På frådelte tomter, og innafor byggegrenser vist på plankartet kan det oppførast fritidsbustader med samla bruksareal (BRA) 100 m² pr. tomt, inkl. evt. uthus.
3. Bygningar skal ha saltak, med takvinkel mellom 22 og 45 grader. Største tillete mønehøgde er 6m .
4. Farge og materialbruk.
 - a. Bygg innan området skal framstå som ein heilskap.
 - b. Vegger skal ha kledning av tre. 30% av yttervegger kan vera natursteinsmur.
 - c. Takteking skal vera av ikkje-reflekterande materiale. Inntil 1/5 av takflata kan vera glastak.
 - d. Fargar og materialbruk skal bidra til at bygningane ikkje stikk seg ut i landskapet.
5. Inngjerding skal avgrensast til naudsynt skjerming av inngangsparti for beitedyr. Største inngjerda areal er 15m².
6. For eksisterande bustadhus bygning nr 2 gjeld fylgjande: Bygning nr 2 kan erstattast med nybygg med tilnærma same form og utsjånad som det opprinnelege våningshuset på bruket.
7. Vatn og avløp. Tilkomst
Før løyve til frådeling/byggeløyve vert gjeve må det liggja føre godkjend løysing for vassforsyning og evt. avløp.
Før løyve til frådeling/byggeløyve vert gjeve må det liggja føre tinglyst vegrett frå kai i område LNFR-F og fram til hyttene.



ARKITEKTKONTORET ANDERS OG OLAV VIKØREN AS
6891 VIK I SOGN TLF 576 95 765 FAX 576 95 880 REG NO 978 667 481 MVA

§4.

Område LNFR-L Friluftsmål

1. Området gjev ålmenn tilkomst til strandsona . Inngrep i terreng og vegetasjon ut over vanleg skjøtsel er ikkje tillate.
2. Det eksisterande naustet i området kan rustast opp/vølast, eller rivast og byggjast oppatt med tilnærma same form og storleik, og med materialbruk og farge i tråd med lokal byggeskikk. Bygningen er merkja på plankartet med bygning nr 1.

Vik i Sogn, 25. januar 2016
Siv. ark. Anders Vikøren